



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Oktober 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
55



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Bjørn Teigene
Visepres: Oskar Grimstad
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Harald Elias Teigene
Ansv.red.:
Referent: Sverre Bjåstad

Løvfald

Om Høsten gjærer der i Træets Kviste
En stille Spirekraft, en lønlig Glød;
Bag gulnet Løv er der en Kime fød,
Og da maa Træet sine Blade miste.

Dryadens Savn var lettet, da hun vidste,
At Livet atter steg fra hendes Skjød;
Hun følte det, da Høst-Orkanens Stød
Forkyndte vildt den Sorg, hun skulde friste.

O, søde Billed i det mørke Veir:
Der er en Vinding og en Trøst forborgen
I hvert et Tab, i hvert et Sorgens Bud.

Det suzgne Mod kan tænke paa en Seir,
Og vente Straalerne fra Vaarens Morgen,
Og holde Vinternattens Kvaler ud.

Johan Sebastian Welhaven

Referat frå Rotarymøte 7. oktober 2019.

Dugnad ved Rotarystien.

(Eg, Sverre Bjåstad, kjem inntil vidare til å kalle traktorvegen frå Grimstad til Osen for «Kanalvegen». Det er behov for å gi denne mykje brukte vegen eit namn. Eg vil ta opp saka i namnenemnda i Hareid).

Hareid RK vart i september ferdig med den første og minste av to gapahukar som klubben vil setje opp ved Rotarystien. Den er plassert ved Dæmingane ved Snipsøyrvatnet. No står den største att, og den skal liggje nær Osen ved Grimstadvatnet. Det er gitt løyve frå grunneigar Håvard Grimstad å føre opp gapahuken nær stien midt mellom Kanalvegen og Osen. Sverre Jarl Ulstein, Sverre Bjåstad og president Bjørn Teigene hadde veka foran gjort oppmåling av plassering for kvar vi helst ville ha gapahuken. Det som no stod føre var:

Avtale nærare med grunneigar Håvard Grimstad om plasseringa var ok sett frå hans side. Sverre Bjåstad tek kontakt med han. Sverre Bjåstad står ansvarleg for å få rydda tomtearealet for tre i løpet av oktober.

Bjørn Teigene gjer naudsynt orientering/avtale med kommunen.

Sverre Jarl Ulstein gjer avtale med Joar Brekke for å få grave/planere tomtearealet i november.

Kanalvegen har blitt ein mykje bruka tilkomstveg for Rotarystien. Den vil også bli bruka for tilkøyring av grus og materiale for gapahuken. Men då må den ryddast sidan den er i fer med å gro att.

Dette vart presentert for grunneigar Håvard Grimstad i møte mellom han og Sverre Bjåstad 25. sept. Dagens dugnad: Rydde langs Kanalvegen slik at ein kan få køyrt til grus og materiale.

Det møtte 13 til dugnad kl 17 – 19, fleire med motorsag. Arbeidet gjekk greitt unna og ein fekk rydda nesten heile vegen. Det står att å få lagt ein del av snåret lenger vekk frå vegen.



Frå v.: Jørn Gjerde, Øystein Alme, Sveinung Hestholm, Oskar Grimstad, Johan Ole Brandal, Bjørn Harald Harkjerr og Idar Flø. Sverre Bjåstad var fotograf.

Referat frå Rotarymøte 14. oktober 2019.

Møte på Ishavsmuseet i Brandal saman med Sula RK

Sula hadde bedt om eit sammøte med «moderklubben» lagt til Ishavsmuseet. Det var 7 frå Sula RK og 15 frå Hareid RK som møtte. Før det ordinære møtet vart opna, hadde Johan Ole med seg gjestane på ei omvising på museet. Past president Vegard Gjerde opna møtet og ønskte alle velkomne.

Medan ein kunne nyte serveringa (kaffi og vaffelkake) orienterte Johan Ole om Brandal, i notid og fortid.

Ståle Vegsund bar fram helsing frå Sula RK. Han fortalde m.a. om dei vanskelege åra for klubben rundt 2014 då ein var nær ved å leggje ned klubben grunna lite frammøte. Men dei greidde snu tendensen ved å gjere klubben meir synleg; skape temakveldar, skrive i lokalavisa om klubben etc. I dag er den svært aktiv og har god auke i medlemstalet.



